

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 10.05.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 032/23 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 06.06.2023 |
| 093/23 | Alver kommunestyre | 22.06.2023 |

Årsmelding Nordhordland kompetanseregion - NKR 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Nordhordland kompetanseregion vert tatt til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Siri Øksnes-rådgjevar stab Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 032/23 Vedtak:

Innstilling i OKK - 06.06.2023:

Årsmelding for Nordhordland kompetanseregion vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Innstilling frå utval for oppvekst kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 093/23 Vedtak:

Årsmelding for Nordhordland kompetanseregion er tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til orientering i uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Styret i Nordhordland kompetanseregion (NKR) har vedteke årsmeldinga for 2022.

Årsmeldinga vert lagt fram som orientering.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Nordhordland Kompetanseregion (NKR) er eit samarbeidsorgan på tvers av kommunegrensene i Nordhordland. NKR si målgruppe er tilsette innan barnehage, skule, PPT og vaksenopplæring. Målet for NKR er gode tenester for brukarane i kommunane. NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseutvikling innan skule-og barnehagesektoren, PPT og vaksenopplæring.

Sakshistorikk:

Medlemskommunar i 2022: Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy. Gulen vart tekne opp som medlem frå 01.01.2023.

Styret i NKR bestod i 2022 av kommunalsjefar for oppvekst og skulefaglege ansvarlege i medlemskommunane. I tillegg hadde ein ei barnehagegruppe som bestod av barnehageansvarlege i kommunane.

Under nemner ein nokre av hovudsakene NKR har arbeida med i 2022:

Endring av statuttane

I 2022 er NKR sine statuttar revidert. For å byggje ned skilja mellom tenesteområda for å fremje heilskap og sqmanheng i oppvekstsektoren vart det beslutta å leggje ned barnehagegruppa og flytte dette arbeidet inn i styret.

Leiarutvikling

NKR starta i 2022 samarbeid kring leiarutvikling med stiftelsen IMTEC. Leiarutviklingsprogrammet startar opp i 2023 og er eit felles program for leirarane i barnehage, skule, PPT og vaksenopplæring.

Strateggisk kompetanseplan

NKR reviderte strategisk kompetanseplan i 2022. Revisjonen var basert på ein brei høyringsrunde i den einskilde kommune.

Retningslinjer for eksamesavvikling

NKR har, saman med den einskilde kommune, ansvar for avvikling av grunnskuleeksamen i regionen. Retningslinjene for munnleg og munnleg-praktisk eksamen vart i 2022 revidert. Bakgrunn er innføring av nye eksamensordninga i ny læreplan (LK-20).

Andre hendingar

- Gjennomføring av felles digital planleggingsdag for alle tilsette i barnehage, skule, PPT og vaksenopplæring med tema trygt og godt barnehage- og skulemiljø.
- Samarbeid om, og administrering av dei sentrale tilskotsordningane DEKOMP- desentralisert kompetanseutvikling (skule), REKOMP- regional kompetanseutvikling (barnehage)og SPESKOMP- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. I 2022 har Alver kommune fått innvilga midlar innan alle tre ordningane.
- Felles samlingar i regi av NKR og UH-sektoren. NKR bidreg her med samlingar for alle medlemskommunane med målet å rekruttere, og behalde arbeidskraft innan barnehage og skule.

Vurderingsgrunnlag:

Lover og forskrifter innan tenestene i NKR si målgruppe, samt lokale vedtekte styringsdokument Kompetanseplanen for NKR og statuttane er NKR sine viktigaste styringsdokument.

Partar:

Alver kommune er medlemskommune. NKR kan ikkje ta avgjerder på vegne av den enkelte medlemskommune. Den enkelte kommune har eine og aleine ansvar for kvalitet og utvikling i tenestene. NKR si rolle vert såleis eit supplement og eit bidrag.

Vurdering:

Årsmeldinga for 2022 er handsama og vedteke av styret i NKR. Medlemskommunane orienterer om dette i kommunane.

Økonomiske konsekvensar:

Alle medlemskommunar bidreg økonomisk til arbeidet i NKR. Det vert også søkt OU-midlar til arbeidet.

Kommunedirektøren si tilråding

Årsmelding for Nordhordland kompetanseregion 2022 vert teke til orientering.

Vedlegg i saken:

30.05.2023 Årsmelding 2022- vedteken 10.03.23

1932096